



Bård Blom frå Sandvoll Entreprenør er målarmeister og står for sjøve arbeidet.

Styret i Uskedal ungdomslag har ambisiøse mål. Straks etter at kjellaren, kjøkken og toalettanlegg er renoverert, er turen komen til festsalen oppe i det tradisjonsrike ungdomshuset, bygd i 1934. Sandvoll Entreprenør ved arbeidsleiar Bård Blom er sett på jobben med å pussa, sparkla og måla alle flater bortsett frå panelte vegger og tak. Leif Tore Nedrevåg har slipt og olja golvet.

Det er om lag 40 år sidan salen oppe i Helgheim vart renoverert. Den gongen var det målarmeister Ingvar Pettersen frå Herøysundet som utførte det til dels krevjande arbeidet. Det er høgt under taket og ein må opp med stillas inne i sjøve salen.

Bård Blom ser på dette arbeidet som interessant, både fordi det ikkje er eit daglegedags oppdrag, men også med tanke på tradisjonen og den kulturhistoriske verdien som ligg i eit hus som dette.



Renoveringa gjeld mellom anna måling av alle takbjelkar, berande konstruksjonar, kantar, flater og benker.

Etter at golvet var ferdigbehandla måtte alt dekkast til før sliping, sparkling og reperasjonar av skada flater, benker og lister. Så vart det å få stillasen på plass før sjølve målinga kunne ta til. Ved slipinga fekk ein sjå kva fargar som har vore brukt før. No går ein tilbake til lysare fargar, slik det har vore ein gong. Skada benker er limt, skrudd, sparkla og målt. Den synlege pipa inne i salen er sparkla og målt

Bård Blom ser på oppdraget som ein mellomstor jobb. To mann har vore i arbeidet og det er rekna ei tid på 2 - 3 veker. I ein total kostnad på kr. 137.000,- ligg det inne å få montert leddlys i lyskassen, noko som vil gje betra lys og som vil gje ein vakker lysverknad opp i takpanelen. Det vert ikkje gjort noko med inngangspartiet og gangen i denne omgang. Det vert gjort når arbeidet er finansiert.

Det er Hildegunn Klette Hansen som føl opp arbeidet frå styret i ungdomslaget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal